

# Religiøst motivert vegetarianisme i caodaiismen og blant sjuandedagsadventistar

## Innleiing

Since the dawn of civilization, there has been an inexorable intertwining of food and religion. The earliest of recorded history is rife with the interconnections. The plethora of cultures with their divergent practices and behaviors still share this one commonality, for humans seem incapable of separating nourishment of the body from sustenance for the soul.<sup>1</sup>

I denne oppgåva vil eg sjå nærare på eitt konkret utslag for korleis religiøs tru, lære og oppfatningar påverkar matvaner og kosthald, nemleg religiøst motivert vegetarianisme. For å belysa temaet har eg vald to religiøse grupper som religionshistorisk har lite med kvarandre å gjera, men der religiøst motivert vegetarianisme er relativt utbreidd i båe gruppene. Det er med andre ord snakk om det statsvitarane Gisele de Meur og Dirk Berg-Schlosser – rett nok i ein svært annleis kontekst – omtaler som «most different systems with the same outcome».<sup>2</sup>

Dei to religiøse tradisjonane eg vil ta utgangspunkt i er på den eine sida caodaiismen og på den andre sida sjuandedagsadventismen. Caodaiismen – formelt kalla *Đai Đạo Tam Kỳ Phổ Độ* - er ein opent synkretistisk religion med vesentlege trekk frå buddhisme, taoisme og konfusianisme, samt element frå både kinesisk og europeisk spiritualisme og frå katolsk kristendom.<sup>3</sup> Caodaiismen oppstod som eigen religion på 1920-talet. Sjuandedagsadventismen er på si side ein kristen denominasjon med protestantiske trekk. Den vaks ut frå endetidsrørsla rundt William Miller (1782 – 1849) og vart formelt etablert som organisasjon i 1863.<sup>4</sup>

Gjennom dette essayet vil eg søkja å svara på det følgjande spørsmålet:

Kva fellestrekk og skilnader finst det i den religiøse motivasjonen for vegetarianisme hjå caodaiistane og sjuandedagsadventistane?

- 
- 1 G. Blix, «Religion, spirituality, and a vegetarian dietary» i Joan Sabaté (red.), *Vegetarian Nutrition* (Boca Raton, Florida: CRC Press, 2001), 508.
  - 2 Gisele De Meur og Dirk Berg-Schlosser, «Comparing political systems: Establishing similarities and dissimilarities», *European Journal of Political Research*, nr. 26(1994): 198.
  - 3 Dean Meyers og My-Van Tran: «The Crisis of the The Eight Lunar Month: The Cao Dai, Prince Cuong De and the Japanese in 1937–1939», *IJAPS*, vol. 2, nr. 1(2006): 1.
  - 4 Sjå t.d. George R. Knight, *A brief history of Seventh-day adventists* (Hagerstown, Md: Review and Herald Publishing Association, 2004 (1999)), 68-69. Det kan også vera verdt å leggja merkje til at både caodaiismen og sjuandedagsadventismen også har mindre utbrytargrupper, for adventismen sin del blant anna dei såkalla Davidians og dei såkalla Branch Davidians, sistnemnde har fått ein heil del merksemd grunna beleiringa i Waco, Texas i 1993. For caodaiismen sin del finn ein blant anna den meir esoterisk orienterte Chieu Minh Tam Thanh-gruppa. Sjølv om delar av analysa i dette essayet nok kan vera like gjeldande for utgrupper - Branch Davidians-medlemmer var blant anna involvert i å grunnleggja den vegetarianske moshaven Amirim i Israel i 1958 og stod sentralt i den tidlege israelske vegetarianarrørsla – tek ho utgangspunkt i mainstream sjuandedagsadventisme på den eine sida og den dominerande Tay Ninh-utgåva av caodaiismen på den andre.

I teksten vil eg fyrst søkja å definera religiøst motivert vegetarianisme. Deretter vil eg introdusera dei to ulike religiøse tradisjonane, og gje korte oversikter over det tilgjengelege kjeldematerialet. Deretter vil eg presentera kva trusgrunnlag som finst for religiøst motivert vegetarianisme i dei to ulike tradisjonane, og eg vil skildra korleis dette reint praktisk gjev seg utslag. Etter dette vil eg søkja å analysa kva for ein religionshistorisk og samfunnsmessig kontekst den religiøse vegetarianismen i dei to ulike tradisjonane høyrer heime i. Til sist vil eg peika på konkrete likskapstrekk og viktige skilnader mellom dei.

## Religiøst motivert vegetarianisme

Som Malcolm Hamilton påpeiker er det ikkje med naudsyn enkelt å seia kva vegetarianisme eller ein vegetarisk diett er for noko, sidan nokre vil nytta ordet om dei som unngår raudt kjøt, nokre om dei som unngår både raudt og kvitt kjøt, nokre og nokre berre om dei som unngår begge typane kjøt, samt fisk og skaldyr.<sup>5</sup>

Det er også dei som meiner at ein må unngå animalske produkt – inklusiv til dømes egg og mjølkeprodukt – heilt og halde for å eigentleg kalla seg vegetarianarar, sjølv om det er vanlegare å omtala dette som eit vegansk kosthald.<sup>6</sup> I dette essayet tek eg utgangspunkt i vegetarianisme slik det vanlegvis vert nytta i norsk daglegtale, om menneske som ikkje et verken kjøt eller fisk, men som har mjølkeprodukt og gjerne også egg som ein del av kosthaldet sitt, med andre ord såkalla lakto-ovo-vegetarianarar. Det tyder likevel ikkje at det ikkje finst utøvarar av dei aktuelle religiøse tradisjonane som ikkje følgjer andre variantar av vegetarianisme, lekfolk innan caodaiismen er gjerne berre «deltidsvegetarianar», medan det finst ein del sjuandedagsadventistar som forfektar ein veganistisk diett, sjølv om til dømes amerikanske adventistar sitt halvoffisielle organ *Adventist Review* tilrår nettopp lakto-ovo-vegetarianisme.<sup>7</sup>

Bakgrunnen for at folk vel eit vegetarisk kosthald kan også vera ulik. Dei to vanlegaste er på den eine sida motvilje mot å ta liv eller unødig påføra dyr smerte eller liding, og på den andre sida ei oppfatning av at det å eta kjøt ikkje er sunt,<sup>8</sup> to generelle årsaker som er interessante å merka seg for den vidare handsaminga. Andre grunngeve sin vegetarianisme med at dei slett ikkje liker kjøt, med at dei er uroa for miljøpåverknaden av kjøtproduksjon, med global rettferd i matfordelinga, med sosiale årsaker eller med religiøse årsaker. Ingen av dei er gjensidig utelukkande, og mange vegetarianarar vil peika på fleire beveggrunnar.<sup>9</sup>

I ei undersøking utført av i fleire land i 1989 var det 17% av vegetarianarane som oppgav å vera det av spirituelle eller religiøse årsaker.<sup>10</sup> Det er denne prosentdelen - som kan tenkjast å vera både større og mindre idag – eg vil definera som religiøst motiverte vegetarianarar. Eg definerer altså religiøs vegetarianisme som «fråhald frå å eta kjøt heilt eller delvis motivert av religiøs morallære og/eller religiøse påbod og forbod».

5 Malcolm Hamilton, «Eating Ethically: 'Spiritual' and 'Quasi-religious' Aspects of Vegetarianism», *Journal of Contemporary Religion*, vol. 15, nr. 1(2000): 67.

6 I denne konteksten kan det vera relevant å nemna at H. Jay Dinshah, ein av pionerane i den amerikanske veganarrørsla, konkret knytte veganisme til det blant anna jainistiske omgrepet *ahimsa*. American Vegan Society har også publisert tidsskriftet *Ahimsa*, som seinare har fått namnet «American Vegan», men slagordet «Ahimsa lights the way». Dette kan seiast å synleggjera at amerikansk veganisme har eit religiøst eller i det minste eit kvasireligiøst aspekt. Det ein viss ironi over dette, sidan dei fleste jainar historisk (og i dag) et mjølkeprodukt, jf. Michael J. Fox, «India's Sacred Cow – her plight and future» i *The Animal Ethics Reader*, Susan Armstrong (red.), 239.

7 Frå «Ask the Doctors»-spalta i *Adventist Review*, <http://www.adventistreview.org/article.php?id=1819> (nedlasta: 26. mai 2011).

8 Hamilton, «Eating Ethically», 67.

9 Ibid.

10 P. R Amato og S.A. Partridge, *The New Vegetarians: Promoting Health and Preserving Life* (New York: Plenum Press, 1989). Referert av Hamilton, «Eating Ethically», 67.

# Om caodaiismen

As a Great House of Faith, Caodaism combines the teachings of all the great religious traditions and opens before us the Great Way to paradise.<sup>11</sup>

Caodaiismen er ein «fundamentalt og med overlegg»<sup>12</sup> synkretistisk religion som oppstod i det sørlege Vietnam på 1920-talet, oftast tidfesta til den offisielle oppstarten i nærleiken av Tay Ninh i 1926.<sup>13</sup>

Sentralt i den tidlege caodaiismen stod to aktørar, den offisielle grunnleggjaren Ngô Van Chiêu (1878-1932) og den såkalla Phò Loan-gruppa. Det kan nemnast at Chiêu hadde fransk utdanning (frå Vietnam) og at han arbeidde i den franske koloniadministrasjonen, men vel så vesentleg er det at han vaks opp hjå tanta – som var gift med ein kinesisk herbalist som oppmoda Chiêu til å utforska *kinesisk* spiritualisme.<sup>14</sup> Sjølv om Chieu også skal ha vore kjend med franske spiritistar som Nicolas Camille Flammarion<sup>15</sup> er det rimeleg å konkludera at «Vietnamese cultural and religious influence inevitably counted for much more in his life than his French education»<sup>16</sup>. Phò-Loan-gruppa, der Pham Cong Tac (1890-1959)<sup>17</sup> – seinare ein viktig caodai-leiar - stod sentralt praktiserte derimot den «europiske metoden», med blant anna ouija-brett.<sup>18</sup>

Påverknaden av både kinesisk og europeisk spiritualisme er definitivt eit trekk ved caodaiismen, noko som også vert synleggjort ved at tidsskriftet «La Revue Caodaïste» - publisert av tidlege caodaiistar – siterte Allan Kardec, Hector Durville og Helene Blavatsky.<sup>19</sup> Caodaïstane sjølv vil likevel ofte sjå på religionen som ein reformert buddhisme,<sup>20</sup> men religionen kan like gjerne betraktast som eitt av fleire forsøk på å sameina *Tam Giáo* – dei tre religiøse hovudlærene i den sinovietnamesiske verda, altså buddhisme, konfusianisme og taoisme.<sup>21</sup> R.B. Smith meiner at dersom nokon av desse skal sjåast på som dominant er det taoismen, sjølv om «that is a point which must be demonstrated rather than taken for granted»<sup>22</sup>. Samstundes er religionen også påverka av kristendommen, om enn meir perifert, og då særleg av fransk katolisisme.<sup>23</sup>

Caodaiismen vert gjerne oppfatta som ein monoteistisk religion, og den namnlause guddommen som gjerne vert kalla *Cao Đài* (bokstavleg «høgt palass») vert då også sett på som ein kjærleg skapar av universet og som opphav til alle religionar. Dette biletet kan rett nok kompliserast ein heil del, både på grunn av den sentrale stillinga ulike ånder har, og fordi caodaiismen – med

---

11 *Message received from heaven through seance to the Caodaïst religion* (ikke-spesifisert utgiver, 1926/1999). Sitert av Christopher Hartney, «Syncretism and the End of Religion(s)» i *The End of Religions? Religion in an Age of Globalisation*, C. Cusack og P. Oldmeadow (red.), 240 (Sydney Studies in Religion, Sydney: University of Sydney, 2001).

12 R.B. Smith, «An Introduction to Caodaïsm. II. Beliefs and Organization», *Bulletin of the School of Oriental and African Studies, University of London*, vol. 33, nr. 3(1970): 573-589

13 R.B. Smith, «An Introduction to Caodaïsm. I. Origins and Early History», *Bulletin of the School of Oriental and African Studies, University of London*, vol. 33, nr. 2(1970): 335-349

14 Md. Shaikh Farid, *Caodaïsm: a Syncretistic Religion of Vietnam*, mastergradsoppgåve (Bangladesh: University of Dhaka, 2009), 8.

15 Ibid., 9.

16 Smith, «An Introduction to Caodaïsm I», 338.

17 Tran My-Van, «Vietnam's Caodaïsm, Independence, and Peace: The Life and Work of Pham Cong Tac (1890-1959)», PROSEA Research Paper no. 38(2000), 5.

18 Smith, «An Introduction to Caodaïsm I», 339.

19 Sergei Blagov, «Caodaïsm and spiritism» (caodai.net, 2004), <http://tinyurl.com/caodai1> (nedlasta 24. mai 2011).

20 Smith, «An Introduction to Caodaïsm II», 573.

21 Adam Possamai og Alpha Possamai-Inesedy, «The Baha'i faith and Caodaïsm : Migration, change and de-secularization(s) in Australia», *Journal of Sociology*, vol. 43, nr. 3(2007): 301-317

22 Smith, «An Introduction to Caodaïsm II», 573.

23 Ibid.

utgangspunkt i taoismen – anerkjenner *yin* og *yang* som grunnleggjande prinsipp i universitet. Den kvinnelege sida, *yin*, vert då representert ved modergudinna *Đức Phật Mẫu*<sup>24</sup>, eit moment eg vil koma attende til i diskusjonen rundt den caodaiistiske vegetarianismen sin kontekst.

Caodaismen fekk rimeleg raskt eit betydeleg tal tilhengjarar i Vietnam, og spreidd seg også til Kambodsja og Japan.<sup>25</sup> Religionen vakte også noko interesse i europeiske spiritualistmiljø – og var representert på dei internasjonale spiritualistkonferansane i høvesvis Barcelona (1934), Glasgow (1937) og Lausanne (1938).<sup>26</sup> Likevel var det ikkje før etter 1975 at religionen fekk ei meir global utbreiing, og dette var eit direkte resultat av flyktingestraumen frå Vietnam etter at landet vart sameina under kommunistisk styre.<sup>27</sup> I all hovudsak kan religionen framleis sjåast på som eit hovudsakleg vietnamesisk fenomen, som ein finn i Vietnam, samt i vietnamesisk diaspora<sup>28</sup>. Slik er det trass i at religionen har ei universalistisk tilnærming og oppfattar seg sjølv å ha ei universalistisk rolle å spela, og trass i at caodaismen ynskjer jamvel andre religionar sine truande til å ta del i caodaiistisk trusliv, utan å måtta gje opp den opphavlege trua si.<sup>29</sup>

Trass i ei betydeleg vietnamesisk innvandrarbefolkning også her til lands er det ikkje registrert noko caodaiistisk trussamfunn i Noreg. På verdsbasis var det opp mot seks millionar caodaiistar i 2003,<sup>30</sup> sjølv om det også finst monaleg lågare anslag.<sup>31</sup>

## Om kjeldetilfang til caodaismen

Det er diverre relativt lite faglitteratur tilgjengeleg om caodaismen. I ein artikkel om religiøs synkretisme med utgangspunkt i baha'i og caodaisme kommenterer den australske religionsvitaren Christopher Hartney dette:

Despite these rather amazing facts, most religion scholars would know a little of Baha'i faith and practically nothing of Caodaism. The latter has been relegated to dark ignorance by the violent history of Vietnam in the 20th century, and by a general lack of interest in Asia by new religion scholars. This is a shame, because both faiths are informative with regard to a very interesting process which is best described as syncretic.<sup>32</sup>

Medan Vietnam framleis var fransk koloni vart det skrive ein del om religionen på fransk, og den amerikanske rolla i Vietnam, blant anna i Vietnam-krigen<sup>33</sup>, førte til ei viss ny interesse for religionen. I hovudsak gav dette seg utslag i analyser av religionen si politiske og tildels også militære rolle,<sup>34</sup> men det vart også skrive to bøker som stadig må tena som sentrale kjelder i ei religionsfagleg studie av religionen, Victor Olivers «Caodai Spiritism: A Study of Religion in Vietnamese Society»<sup>35</sup> i 1976 og Jayne Susan Werners «Peasant Politics and Religious

24 Farid, *Caodaism*, 24.

25 Possamai, «The Baha'i faith and Caodaism», 307

26 Blagov, «Caodaism and spiritism», <http://tinyurl.com/caodai1> (sjå note 19)

27 Possamai, «The Baha'i faith and Caodaism», 307

28 Ibid, 312.

29 Hartney, «Syncretism and the End of Religion(s)», 243.

30 Christopher Hartney, «What is Caodaism? A brief history and philosophy» (lecaodisme.free.net, 2003), <http://tinyurl.com/caodai2> (nedlasta 24. mai 2011)

31 Adherents.com, «Religions by Adherents», [http://www.adherents.com/Religions\\_By\\_Adherents.html#CaoDai](http://www.adherents.com/Religions_By_Adherents.html#CaoDai) (nedlasta 24. mai 2011)

32 Hartney, «Syncretism and the End of Religion(s)», 236-237.

33 Som vietnamesarane – delvis med rette, må ein kunna hevda – kallar «den amerikanske krigen».

34 Sjå t.d. William Henderson, «South Vietnam finds itself», *Foreign Affairs*, vol. 35, nr. 2(1957): 283-294; Bernard B. Fall, «The Political-Religious Sects of Viet-Nam», *Pacific Affairs*, vol. 28, nr. 3(1955): 235-253; Allan E. Goodman, *Government and the countryside: Political accommodation and South Vietnam's Communal Groups*, (RAND Paper, 1968); Lucian W. Pye, «The Non-Western Political Process», *The Journal of Politics*, vol. 20, nr. 3(1958): 468-486.

35 Victor Oliver, *Caodai Spiritism: A Study of Religion in Vietnamese Society* (Leiden: Brill, 1976)

Sectarianism: Peasant and Priest in the Cao Dai in Viet Nam»<sup>36</sup> frå 1982. Etter dette har det også kome til ein del faglitteratur frå russisk hald, og antropologen Sergei Blagov si bok «Caodaiism: Vietnamese Traditionalism and its Leap Into Modernity»<sup>37</sup> frå 2002 har hatt tyding i caodaiismeforskning dei siste åra. I tillegg har nokre religionssosiologiske arbeid sett på caodaiistisk diaspora med utgangspunkt i blant anna transnasjonalismeteorien, synkretisme og sekulariseringsdebatten.<sup>38</sup>

I den påfølgjande gjennomgangen av religiøst motivert vegetarianisme hjå caodaiistar er både Oliver og Blagov viktige kjelder. I tillegg kjem blant anna litteratur gjeve ut og omsett av caodaiistar sjølve.

## Om sjuandedagsadventismen

Sjuandedagsadventismen si historie startar med William Miller (1782-1849), ein bonde og baptistisk lekmann frå Low Hampton i New York<sup>39</sup>, ifølgje sjuandedagsadventistane sjølv ein høgst ufriviljug religiøs leiar.<sup>40</sup> Med utgangspunkt i eit vers i Daniels bok konkluderte han i 1818 med at han levde i endetida, og det «i løpet av 25 år [...] ville [vera] slutt på alle gjeremål i denne verda».<sup>41</sup> Med utgangspunkt i eit vers i Daniels bok venta han Kristi tilbakekomst i 1843. Utover på 1830-talet vart han omvandrande predikant, og etterkvart vaks millerismen til å verta «as popular a millenarian movement as America has seen»<sup>42</sup>, og i løpet av 1843 fekk millerismen betydeleg merksemd:

But before the spring of 1844 arrived, various Millerite ministers had already begun to refine their prophetic estimates and to advance the date to the autumn of 1844. Thus the passing of spring brought little if any diminution of fervor. By the summertime it was generally agreed that the end of the world would come on October 22, 1844. That was the only specific date set, and on that day the movement came to its climax.<sup>43</sup>

Dette vart «den store skuffelsen», rørande uttrykt i forteljinga om sonen til milleritten Charles Fitch. Han hadde gått bort berre ei dryg veke før 22. oktober. Borna – som lurte på om dei kom til å få sjå pappa igjen – fekk til svar at det kom dei å gjera om nokre dagar. Men så kom kvelden 22. oktober og dei spurte: «Kvifor kom ikkje pappa i dag?»<sup>44</sup> Millerittrørsla gjekk, knappast overraskande, i bitar. Tre hovudfraksjonar oppstod: dei adventkristne, med blant anna Miller sjølv, som meinte at kronologien var gal, men heldt fast med å tru på at verda snart ville gå under;<sup>45</sup> den mindre gruppa «spiritualizers», som meinte at Kristi gjenkomst faktisk hadde funne stad, men på andeleg nivå<sup>46</sup> og dei komande sjuandedagsadventistane som gjenfortolka datoen på endå ein annan måte.<sup>47</sup>

---

36 Jayne Susan Werner, *Peasant Politics and Religious Sectarianism: Peasant and Priest in the Cao Dai in Viet Nam* (New Haven: Yale Univ Southeast Asia Studies, 1981)

37 Sergei Blagov, *Vietnamese Traditionalism and its Leap Into Modernity* (New York: Nova Publishers, 2002)

38 T.d.. Hartney, 2001; Possamai, 2007; Janet Hoskins, «Caodai Exile and Redemption: A New Vietnamese Religion's Struggle for Identity», i *Religion and social justice for immigrants*, Pierette Hondagneu-Sortello (red.), (New Jersey: Rutgers University Press, 2007), 191-209.

39 William Butler, «From Millerism to Seventh-day Adventism: "Boundlessness to Consolidation"», *Church History*, vol. 55, nr. 1(1986), 50-64.

40 C. Mervyn Maxwell, *Ut i all verden! Historien om syvendedags-adventistene* (Røyse: Norsk Bokforlag, 1995), 9.

41 Maxwell, *Ut i all verden!*, 15.

42 Butler, «From Millerism to Seventh-Day Adventism», 51

43 Francis D. Nichol, «The Growth of the Millerite Legend», *Church History*, vol. 21, nr. 4(1952): 296-313.

44 Maxwell, *Ut i all verden!*, 39.

45 Denne grupperinga eksisterer den dag i dag, representert ved Advent Christian Church – som vart stifta i 1860 – og ved den svært vesle avleggjaren Primitive Advent Christian Church.

46 Ronald L. Numbers. *The Disappointed: Millerism and Millenarianism in the nineteenth century* (Knoxville: University of Tennessee Press, 1993), xv.

47 Butler, «From Millerism to Seventh-Day Adventism», 51

Dei fulgte «maisåkerens Kleopas», Hiram Edson (1806–1882), si forståing:

Himmelen syntes åpen for mitt blikk, og jeg så klart og tydelig at vår øverstepress [Jesus] for første gang gikk inn i den annen avdeling i helligdommen ... i stedet for å gå ut av det aller helligste for å komme tilbake til denne jord (den 22. oktober). Jeg så at han hadde et verk å utføre i Det aller helligste før han ville komme tilbake til jorden.<sup>48</sup>

I denne gruppa av adventistar var det at Ellen White (1827-1915) skulle verta ein av fleire sentrale personar. Familien hennar hadde vore ein del av milleristrørsla og hadde som andre opplevd «den store skuffelsen», og venta – som andre – på Kristus' snarlege gjenkomst. I desember det året skal unge Ellen White ha fått sitt fyrste *syn*. I dette fekk «22. oktober» ei endra tyding; det var ikkje ein slutt, men ei byrjing.<sup>49</sup> I åra fram til ho døydde skulle White ha rundt 2.000 slike synsopplevingar, og ho vart ein ivrig skribent og ein leiar i den framveksande sjuandedagsadventistiske rørsla, som formelt vart etablert som kyrkjesamfunn i 1863.

Men kva er sjuandedagsadventismen heilt konkret? Malcolm Bull meiner at det å sjå han som berre «the estranged child of any one Protestant denomination» ikkje strekk til. Snarare meiner han å sjå ei samankopling av «several strands of thought that were current in New York's famous burned-over district»<sup>50</sup>. På denne måten vert adventismen – som mormonismen - «an eclectic amalgam of several traditions»<sup>51</sup>. Nokre sentrale trekk ved den sjuandedagsadventistiske læra som skil seg frå andre kristne trussamfunn er trua på verdas snarlege undergang, sabbatfeiring på laurdagar, fokuset på helsereform<sup>52</sup> og førestillinga om ein undersøkjande dom<sup>53</sup> som ein del av den «endelege utryddinga av all synd»<sup>54</sup>. Dei sentrale adventistiske trusførestillingane er oppsummert i 28 grunnleggjande punkt.<sup>55</sup>

På verdsbasis er det idag rundt 17 millionar sjuandedagsadventistar.<sup>56</sup> Sjuandedagsadventismen kom relativt tidleg til Noreg. John Gottlieb Matteson (1835 – 1896) hadde emigrert frå Danmark til USA på 1850-talet, kom i kontakt med adventistrørsla. I 1877 vende han attende til Danmark som misjonær, og året etter kom han til Christiania. I januar 1879 vart den fyrste sjuandedagsadventistmenigheita grunnlagt her til lands.<sup>57</sup> Ellen White vitja også sjølv Noreg.<sup>58</sup> Det er rundt 4.600 nordmenn som er døypte adventistar i dag.<sup>59</sup>

---

48 Sitert hjå Maxwell, *Ut i all verden!*, 56.

49 Ibid, 64.

50 Malcolm Bull, «The Seventh-day Adventists: Heretics of American Civil Religion», *Sociology of Religion* vol. 50, nr. 2(1989): 178.

51 Ibid.

52 Malcolm Bull og Keith Lockhart, *Seeking a Sanctuary: seventh-day Adventism and the American dream* (Bloomington: Indiana University Press, 2007 (1989)), XIII.

53 Ibid, 76.

54 adventist.no, «Våre trospunkter: Adventistenes tro og lære», [http://www.adventist.no/adventist/vaar\\_tro/vaare\\_trospunkter](http://www.adventist.no/adventist/vaar_tro/vaare_trospunkter) (nedlasta 26. mai 2011)

55 Ibid.

56 adherents.com, «Religious Bodies of the World with at Least 1 Million Adherents», [http://www.adherents.com/adh\\_rb.html#International](http://www.adherents.com/adh_rb.html#International) (nedlasta 26. mai 2011)

57 Robert Hansen, «Adventistsamfunnets historie i korte trekk» (adventist.no, 2005), <http://tinyurl.com/advent01> (nedlasta: 24. mai 2011).

58 Ei omfattande skildring av Ellen White si verksemd i Noreg, samt av den tidlege norske adventistrørsla generelt finn ein i Edwin Torkelsen, *Ellen G. White og Norge, 1885/1887-1987 : en undersøkelse av Ellen G. Whites besøk i Norge 1885-1887 og en vurdering av hennes betydning for utviklingen av virksomheten til Syvendedags adventistsamfunnet i Norge fram til 1987* (Røyse: Signum Norsk Bokforlag, 1987).

59 NOU 2008:1, *Kvinner og homofile i trossamfunn*, punkt 6.8.

# Om kjeldetilfang til sjuandedagsadventismen

I motsetnad til for caodaiismen finst det eit relativt rikhaldig utval av tilgjengelege kjelder til sjuandedagsadventismen.

Ei av årsakene til dette er utvilsamt den omfattande skriveverksemda utført av adventistar sjølv. Både George R. Knight si bok «A brief history of Seventh-day adventism»<sup>60</sup> frå 1999, og C. Mervyn Maxwell si bok «Tell it to the world»<sup>61</sup> frå 1976 er interessante – om enn subjektive – introduksjonar til sjuandedagsadventismen si historie. Malcolm Bull og Keith Lockhart si bok «Seeking a sanctuary: seventh-day Adventism and the American dream»<sup>62</sup> frå 1989 har på si side ei utvilsamt akademisk tilnærming – trass i at båe forfattarane har adventistbakgrunn – og vart då ho kom omtala som «the most comprehensive review and insightful analysis in print of the sociology, history, and culture of the Seventh-day Adventist (SDA)» i tidsskriftet *Church History*.<sup>63</sup>

Vitskapshistorikaren Ronald L. Numbers – som vaks opp som adventist – gav ut «Prophetess of Health: A Study of Ellen G. White»<sup>64</sup> i 1976 og redigerte seinare «The Disappointed: Millerism and Millenarianism in the nineteenth century» saman med Jonathan M. Butler. Den fyrstnemnde boka har vesentleg relevans i diskusjonen rundt den historiske og samfunnsmessige konteksten adventistane sin religiøst motivert vegetarianisme.

Meir generelt kan det også nemnast at sjuandedagsadventismen i religionsfagleg samanheng har vorte diskutert i samband med blant anna deprivasjonsteori<sup>65</sup>, protestantisk etikk<sup>66</sup> og omgrep som sekt og denominasjon.<sup>67</sup> Til sist kan det nemnast at sjuandedagsadventistane sitt kosthald og livsstil har skapt interesse i medisinskfagleg litteratur, sidan kyrkja – for å sitera ein norsk studie – vert oppfatta som eit naturleg eksperiment «on the role of lifestyle in the etiology of chronic disease»<sup>68</sup>. Årsaken til dette er nettopp at adventistkyrkja oppmodar til vegetarianisme og frårår bruk av rusmiddel, tobakk, alkohol og koffeinholdige drikkar.<sup>69</sup>

## Religiøs vegetarianisme hjå caodaiistane

I perioda mellom 1917 og 1919 deltok Ngô Van Chiêu – caodaiismen sin offisielle grunnleggjar – i spiritualistiske seansar i eit tempel i Cái Khe som seinare vart kjend som Hiep Minh-tempelet. Ifølgje Blagov<sup>70</sup> praktiserte adeptane i dette tempelet ei form for faste seks til ti dagar i månaden. I

60 George R. Knight, *A brief history of Seventh-day adventists* (Hagerstown, Md: Review and Herald Publishing Association, 2004 (1999))

61 C. Mervyn Maxwell, *Tell It to the World* (Mountain View, Calif.: PPPA, 1976). Omsett til norsk som *Ut i all verden!* (sjå note 40)

62 Malcolm Bull og Keith Lockhart, *Seeking a Sanctuary: seventh-day Adventism and the American dream* (Bloomington: Indiana University Press, 2007 (1989))

63 Gregory A. Schneider, «Book review. Seeking a Sanctuary: Seventh-day Adventism and the American Dream», *Church History: Studies in Christianity and Culture*, nr. 60: 579-580.

64 Ronald L. Numbers, *Prophetess of Health: A Study of Ellen G. White* (Knoxville: University of Tennessee Press, 2008(1976))

65 Elmer T. Clark, *The Small Sects in America* (Nashville: Abingdon, 1937)

66 Gary Schwartz, *Sect Ideologies and Social Status* (Chicago: University of Chicago Press, 1970).

67 Ronald Lawson, «When Immigrants Take over: The Impact of Immigrant Growth on American Seventh-Day Adventism's Trajectory from Sect to Denomination Ronald Lawson», *Journal for the Scientific Study of Religion* vol. 38, nr. 1(1999): 83-102; Bryan Wilson, «Sect or denomination: can Adventism maintain its identity?», *Spectrum* 7(1)(1975): 34-45; Robin Theobald, «From rural populism to practical Christianity: the modernization of the Seventh-day Adventist movement», *Archives de Sciences Sociales des Religions*, nr. 60(1985): 109-130.

68 Vinjar Fønnebø, «Coronary Risk Factors in Norwegian Seventh-day Adventists: A Study of 247 Seventh-day Adventists and Matched Controls», *American Journal of Epidemiology*, vol. 135, nr. 5(1992): 504-508.

69 Ibid, 504.

70 Blagov, *Vietnamese Traditionalism and its Leap Into Modernity*, 18.

seansane var Chiêu ute etter ein kur til mora, som var sjuk, men mediet gav han beskjed om at det var nok å overhalda fasteperiodane. Blagov heldt fram:<sup>71</sup>

Chiêu was apparently not satisfied and visited [the] Minh Thieu temple in Thù Daù Môt, the place he knew since 1902. There he reportedly received a spirit message that no cure existed for his mother, who died in 1919. However, while seeking the cure for his mother, Chiêu met up with other spiritualists. An informal medialistic group emerged, and the name of the Cao Dài spirit first appeared in the messages [...] received by this group.

I seinare seansar fekk han fyrst beskjed om å utvida fasteperioden og seinare om å verta heiltidsvegetarianar.<sup>72</sup> Slik sett kan ein sjå på vegetarianisme hjå caodaistane som ein ordre direkte frå Gud.

For betre å skjønna den religiøst motiverte vegetarianismen hjå caodaiistane er det likevel naudsynt å sjå nærare på nokre grunnleggjande trekk ved religionen. Det sentrale målet for ein caodaiist er å unnsleppa reinkarnasjonssirkelen<sup>73</sup> – ein klår parallell til buddhismen – og slik oppnå «a heavenly union with Cao Dai»<sup>74</sup>. For å gjera dette må caodaiistane tena det gode og unngå alle typar vondskap, og følgja reglar som blant anna er oppsummert i den caodaiistiske grunnlova sin fem forbod: forbod mot å drepa, mot å stela, mot usømeleg framferd, mot å leva luksuriøst og mot å lyga.<sup>75</sup> Her er det verdt å understreka at forbodet mot drap gjeld levande vesen generelt, og at forklaringa på forbodet mot å leva luksuriøst konkret nemner både det å drikka alkohol og det å eta kjøt, samt at «overeating and drinking causes disorder of physical body and spirit and disturbing [sic] public tranquility».<sup>76</sup>

Caodaiistane ser også på både dyre- og planteliv som ein del av reinkarnasjonssirkelen, og må difor vera god mot dyr og unngå øydelegging av plantelivet som ikkje er naudsynt:

God's love of life is immense and in the earthly life a disciple ought to manifest this virtue by concentrating all his actions and thoughts to one purpose of supporting and conserving all living creatures. In other words, a disciple has to serve all living beings.<sup>77</sup>

Gjennom å vera vegetarianarar meiner caodaiistane å unngå å skada andre i reinkarnasjonssirkelen frå å utvikla seg andeleg. Dessutan ser dei på det å vera vegetarianar som ei form for sjølvreinsing<sup>78</sup>. Konkret gjev dette seg utslag i ulike former for vegetariansk praksis. Eitt nytt medlem kan avgrensa vegetarianismen til seks dagar i månaden (*chay soc*); men byrjar etter seks månadar å følgja vegetarianisme ti dagar i månaden (*chay thap*). Geistlege må følgja ein vegetariansk diett heile tida (*chay truong*)<sup>79</sup>, og dette er også målet for lekfolk.<sup>80</sup>

Fulltidsvegetarianisme i minst seks månader er dessutan eit krav for å kunna få «esoterisk opplæring» i ein tinh-that (eit meditasjonshus)<sup>81</sup>, og også på andre område vert det stilt tilsvarande krav, blant anna må ein ha fulgt ein vegetariansk diett minst ti dagar i månaden for å få gjennomført

---

71 Ibid, 18-19.

72 Ibid.

73 Oliver, *Caodai spiritism*, 11.

74 Ibid.

75 Den gjeldande utgåva av denne grunnlova – Tan Luat – finn ein på nettstaden caodai.net. Caodai.net, «The New Canonical Codes», <http://tinyurl.com/caodai3> (nedlasta 26. mai 2011).

76 Tan Luat, kapittel IV

77 Giao Hoi Trung Uong, *Dao-Ly: Tai-Lieu Pho-Bien Trong Noi-Bo* (Saigon: ikke-spesifisert utgiver, 1970), s. 12. Sitert hjå Oliver, *Caodai Spiritism*, 11.

78 Oliver, *Caodai Spiritism*, 11.

79 Ibid.

80 Caodai.net, «A Summary of Cao-Dai Rituals», <http://tinyurl.com/caodai4> (nedlasta 26. mai 2011)

81 Tan Luat, unnummerert kapittel «The House of Meditation».

dødsrita *buu-phap* når ein ligg for døden.<sup>82</sup> Dette synleggjer vegetarianisme som eit sentralt aspekt ved caodaiistisk religion.

## Religiøs vegetarianisme hjå sjuandedagsadventistane

Og Gud sa: «Sjå, eg gjev dykk alle planter som set frø, så mange som finst på jorda, og alle tre som ber frukt med frø i. Dei skal vera til føde for dykk.»<sup>83</sup>

5. juni 1863 - berre 15 dagar etter etableringa av adventistkyrkja som organisasjon - meiner adventistane at Ellen White fekk sin fyrste omfattande visjon om helsereform.<sup>84</sup> Dagen etter skreiv ho eit brev der ho forklarte visjonen:

I saw that it was a sacred duty to attend to our health, and arouse others to their duty... We have a duty to speak, to coe out against intemperance of every kind – intemperance in working, in eating, in drinking, and in drugging – and then point them to God's great medicine: water, pure soft water, for diseases, for health, for cleanliness, and for luxury... I saw that we should not be silent upon the subject of health but should up minds to the subject. [...]The work of God requires of us, will not shut us away from caring for our health. The more perfect our health, the more perfect will be our labor.<sup>85</sup>

Dette fokuset på helse og på det sjuandedagsadventistane oppfattar som sunn diett finn ein også att i dåpsløftet deira, der det konkret vert teke avstand frå «uren mat», samt alkohol, tobakk, narkotika og andre rusgifter.<sup>86</sup> I sjuandedagsadventistane si menighetshandbok vert det å eta sunt også framheva som viktig, saman med mosjon, avkopling, frisk luft, reinslegheit og tilstrekkeleg sømn og kvile. Konkret vert det påpeika – med referanse til White – at frukt, kornprodukt, nøtter, grønsaker, mjølk og fløte er «det sunneste kosthold»<sup>87</sup>. Sjuandedagsadventistane meiner at dette også er ein diett som ligg langt nærare den opprinnelege menneskelege dietten, med andre ord dietten til Adam og Eva i Edens hage. Denne dietten var ifølgje sjuandedagsadventistane si bibellesing utan animalske innslag.<sup>88</sup> Ellen White skriv:

God gave our first parents the food He designed that the race should eat. It was contrary to His plan to have the life of any creature taken. There was to be no death in Eden. The fruit of the trees in the garden, was the food man's wants required. God gave man no permission to eat animal food until after the flood.<sup>89</sup>

Etter syndefloden fekk menneska likevel lov til å eta både kjøt og fisk, men dette etter ei klår inndeling av ulike typar kjøt i «reint» og «ureint». Ifølgje sjuandedagsadventistisk teologi er desse kosthaldsreglane, som ein finn i 3. mosebok, framleis gyldige, og ein skal difor – som minstekrav – unngå blant anna svinekjøt.<sup>90</sup> Men White går lenger enn dette. I bokverket «Counsels on Diet and Food» kjem ho med ei rekkje heller detaljerte tilrådingar rundt diett. Her framhever ho det også som eit mål å gå *attende* til den opprinnelege gudegjevne, ikkje-animalske dietten. Det vert oppsummert

---

82 Tan Luat, kapittel II.

83 1. Mosebok, 1:29.

84 Knight, *A brief history of Seventh-day adventists*, 69

85 Sitert hjå Knight, 69.

86 *Syvendedagsadventistenes menighetshåndbok* (Røyse: Norsk Bokforlag, 16. utgave, 2002), 34

87 Ibid.

88 Tor Tjeransen, «Hvorfor spiser ikke adventister svinekjøtt?» (adventist.no, 2005), <http://tinyurl.com/advent03> (nedlasta: 24. mai 2011)

89 Ellen G. White, *Testimony Studies on Diet and Foods* (Loma Linda, Calif.: College of Medical Evangelists, 1926), 62

90 William Shea, «Clean and Unclean Meats» (Biblical Research Institute, 1988), <http://tinyurl.com/advent02> (nedlasta: 24. mai 2011)

på denne måten:

Again and again I have been shown that God is trying to lead us back, step by step, to His original design,-- that man should subsist upon the natural products of the earth. Vegetables, fruits, and grains should compose our diet. Not an ounce of flesh meat should enter our stomachs. The eating of flesh is unnatural. [...]How can those who are seeking to become pure, refined, and holy, that they may have the companionship of heavenly angels, continue to use as food anything that has so harmful an effect on soul and body? How can they take the life of God's creatures that they may consume the flesh as a luxury?<sup>91</sup>

Det er verdt å leggja merke til at det her ikkje berre er det usunne, ureine og unaturlege ved kjøteting som vert påpeikt. Det vert i tillegg synt til at det er gale å ta livet av dyr for luksusen sin skuld og same stad oppmodar White til «mercy toward the dumb creatures that God has made and has placed under our dominion». Her kjem det altså inn eit ytterlegare og moralsk argument mot det å eta kjøt.

Andre stader er White mindre kategorisk:

We do not mark out any precise line to be followed in diet; but we do say that in countries where there are fruits, grains, and nuts in abundance, flesh food is not the right food for God's people.<sup>92</sup>

Ei studie blant heile 96.000 sjuandedagsadventistar i USA og Canada syner at 31,6% av dei er lakto-ovo-vegetarianarar og at 6,1% et kjøt sjeldnare enn ein gong i veka.<sup>93</sup> I tillegg er det 11,4% som et fisk, men ikkje kjøt, og 4,2% som har eit vegansk kosthald. 46,8% prosent er ikkje vegetarianarar. I andre land varierer tala, men det syner seg jamnt over at sjuandedagsadventistar et mindre kjøt enn befolkinga omkring dei.<sup>94</sup>

White sine syn og visjonar rundt helse hadde dessutan andre verknader enn reine kosthaldsråd. På hennar instruks vart det grunnlagt ei rekkje adventistiske sjukehus og sanatorium. Det viktigaste av dette var Western Health Reform Institute i Battle Creek i delstaten Michigan.<sup>95</sup> I 1876 var direktørstolen her innteke av ein strikt vegetarianar som ikkje berre skulle påverka andre sjuandedagsadventistar, men som – saman med broren – faktisk skulle få varig påverknad på frokostbordet i store delar av verda. Han heitte John Harvey Kellogg. For Kellogg var diettreform ein avgjerande del av målet for pasientane ved sanatoriet, og han hadde særleg fokus på nettopp frukosten. Mange av amerikanarane sine verste helseproblem, meinte Kellogg, skuldast tunge og feite frukostar.<sup>96</sup> I 1895 fann John Harvey Kellogg og broren W.K. Kellogg opp cornflakes, eit måltid som var meint å erstatta kjøt på frukostbordet. Kellogg gav elles den tidlegare evangelisten Sylvester Graham – som me skal koma attende til – mykje av æra for adventistane si interesse for mat. Daniel Sack oppsummerer: «The ideas of an evangelical diet reformer [Graham], filtered through a new religions community, changed the American breakfast».<sup>97</sup>

---

91 Ellen G. White, *Testimony Studies on Diet and Foods*, 64

92 Ellen G. White, *Testimonies for the Church* (Mountain View, California: Pacific Press Pub. Assn, 1948), 9, sitert av Limoni Manu, «Nonvegetarians will not enter heaven?» (*Adventist Review*, 2005), <http://tinyurl.com/advent04> (nedlasta: 24. mai 2011).

93 Reed Mangels, «The latest Adventist health study: a massive study of North American Seventh-day Adventists», *Vegetarian Journal*, april-juni 2008, <http://tinyurl.com/vege1> (nedlasta: 24. mai 2011).

94 Joan Sabaté, «Religion, diet and research», *British Journal of Nutrition*, nr. 92(2004), 200.

95 Daniel Sack, *Whitebread Protestants, Food and Religion in American Culture* (New York: Palgrave, 2001), 191.

96 Ibid.

97 Ibid.

# Caodaismen sin religiøst motiverte vegetarianisme i kontekst

I sin gjennomgang av caodaiismen sine historiske røter peiker Victor L. Oliver fyrst på den kulturelle påverknaden på Vietnam frå Kina, India og Frankrike, og deretter på fem viktige faktorar som påverka den tidlege caodaiistiske rørsla:<sup>98</sup> «religious syncretism; anti-colonial expression; secret societies; the ‘Minh’ organisations<sup>99</sup>; and the emphasis on spiritism».<sup>100</sup>

Også Blagov peiker på viktigheita av religiøs synkretisme, og då særleg på *Tam Giào* – kombinasjonen av taoisme, konfusianisme og buddhisme.<sup>101</sup> I denne samanhengen kan det vera verdt å påpeika det openberre - nemleg at dei fem forboda i caodaiismen har klåre likskapstrekk med dei fem retningslinene for etisk framferd i buddhismen. Buddhismen er då også ein religion der religiøst motivert vegetarianisme ikkje er uvanleg. Likevel vil det vera fruktbart å sjå nærare på særskilde variantar av *kinesisk* lekmansbuddhisme for å finna forklaringar på fleire trekk ved caodaiismen, inklusive den religiøst motiverte vegetarianismen.

I denne lekmansbuddhismen finn ein historisk ei rekkje grupper omtala med det ladde omgrepet Kvit Lotus-sekterisme, og desse let seg karakterisera av vegetarianisme, ei millenarianistisk tilnærming, fokus på Maitreya – den komande Buddha, og dyrking av den Evige Mor, som Blagov meiner har parallellar til den caodaiistiske modergudinna *Đức Phật Mẫu*<sup>102</sup>. Kvit Lotus-gruppene har røter attende til munken Mao Ziyuan (ca. 1086-1166),<sup>103</sup> og vart etterkvart utsett for religiøs undertrykking, blant anna på grunnlag av skuldingar om at dei «åt grønsaker og tente djevlar» (*chicai shimo*).<sup>104</sup> Omgrepet Kvit Lotus synest etterkvart å ha gått frå å skildra ein faktisk tradisjon til å verta brukt som ein merkelapp på heterodokse buddhistiske grupper som vart oppfatta – med rette eller ikkje – som potensielle kjelder til opprør<sup>105</sup> og som deltakarar i ein konspirasjon<sup>106</sup>. Likevel synest det klårt at grupper som forfeikta dei nemnde ideane etterkvart spreidde seg til Vietnam, blant anna fordi medlemmer vart tvunge i eksil etter 1796-1804-opprøret mot Qing-dynastiet.<sup>107</sup> Smith oppsummerer dette på følgjande måte:

It seems highly probable therefore that the antecedents of Caodaism are to be found amongst cults introduced directly into Cochinchina by migrants from China. Such migration began in the seventeenth century, with the establishment of Chinese colonies at Bien-Hoa, My-Tho, and Ha-Tien; and the first Chinese to settle in those places were none other than political refugees from a South China recently conquered by the Ch'ing, who were quite likely to have had connexions with secret religious societies. Other Chinese migrants followed, and by the late nineteenth century they were coming in considerable numbers. If not in the seventeenth century, then at some later date it would seem that the Chinese introduced the syncretic tradition to which Caodaism belonged, and in particular the Minh sects out of which it grew.<sup>108</sup>

---

98 Oliver, *Caodai Spiritism*, 20-32.

99 Minh-organisasjonane er nærare forklart seinare i teksten.

100 Oliver, *Caodai Spiritism*, 24.

101 Blagov, *Vietnamese Traditionalism and its Leap Into Modernity*, s. 34-36.

102 Ibid, 3-4

103 B.J Ter Haar, *The White Lotus Teachings in Chinese Religious History* (Hawaii: University of Hawai'i Press, 1999 (1990)), 65.

104 Ibid, 44.

105 Ibid, 196-246.

106 Ibid, 249-250.

107 Blagov, *Vietnamese Traditionalism and its Leap Into Modernity*, 5.

108 Smith, «An introduction to Caodaism II», 588-589.

Då er me over på det fjerde av Oliver sine fem punkt, nemleg Minh-gruppene – Minh Su, Minh Duong, Minh Thien, Minh Ly og Minh Tan. Alle fem var religiøse organisasjonar med synkretistiske trekk som praktiserte spiritualisme, alle fem hadde dessutan «some type of relationship to Caodaism, either prior or subsequent to its emergence in South Vietnam»<sup>109</sup>. Den eldste av desse gruppene er Minh Su – som både Ngô Van Chieu og andre tidlege caodaiistar hadde band til.<sup>110</sup> Det fyrste Minh Su-tempelet i Vietnam vart grunnlagt av Ming-immigrantar i Hà Tiên – heilt sørvest i landet - i 1863, men gruppa spreidde seg etterkvart til andre område i Sør-Vietnam. Minh Su kombinerte «a complex of Daoist practices of self-cultivation framed in a Buddhist setting»<sup>111</sup> med «trance communication»<sup>112</sup>. Gruppa praktiserte også vegetarianisme.<sup>113</sup>

Å sjå på caodaiismen i lys av Minh-gruppene og – indirekte – Kvit Lotus-buddhisme gjer det også mogleg å skjønna caodaiismen i ein breiare kontekst av austleg nyreligiøsitet. Smith peiker her blant anna på Hsien-t'ien Tao-grupper i Kina og Singapore.<sup>114</sup> Det kunne også vera interessant å sjå på parallellar mellom caodaiismen og den taiwanske nyreligiøse grupperinga I-Kuan Tao, som til liks med caodaiismen har band til Kvit Lotus-buddhisme, og også praktiserer vegetarianisme.<sup>115</sup>

## Sjuandedagsadventismen sin religiøst motiverte vegetarianisme i kontekst

[...]it is as truly a sin against Heaven, to violate a law of life, as to break one of the ten commandments.

- L.B. Coles<sup>116</sup>

It is as truly a sin to violate the laws of our being as it is to break the ten commandments.

- Ellen White<sup>117</sup>

Sjuandedagsadventistane sitt helsefokus eksisterer heller ikkje i eit historisk vakuum. Me har allereie nemnd Sylvester Graham, ei inspirasjonskjelde for adventistlegen John Harvey Kellogg. Før me vender attende til Graham, kan det likevel vera nyttig å løfta blikket, og sjå på vegetarianisme som fenomen. Iacobbo og Iacobbo skriv: «Whether in the UK or in the United States, vegetarianism in the early 1800s was an oddity. [It] was considered unnatural as well as heretical by some».<sup>118</sup>

Rett nok fanst det alt på 1700-talet religiøse gruppe som praktiserte vegetarianisme, sjuandedagsbaptistane i Ephrata, Pennsylvania<sup>119</sup> - ein avleggjar av Schwarzenau-brørne. Trass i at også desse markerte sabbaten som kviledag, og trass i eit namn som liknar, har

---

109 Oliver, *Caodai Spiritism*, 28.

110 Smith, «An introduction to Caodaism I», 338

111 Thien Do, *Vietnamese supernaturalism: views from the southern region* (London: RoutledgeCurzon, 2003), 88.

112 Ibid.

113 Smith, «An introduction to Caodaism I», 339.

114 Smith, «An introduction to Caodaism II», 586-587.

115 Lev Deliusin, «The I-kuan Tao Society» i *Popular movements and secret societies in China, 1840-1950*, *Caodai Exile and Redemption: A New Vietnamese Religion's Struggle for Identity*, 225-234, (Stanford: Stanford University Press, 1972).

116 L.B. Coles, *Philosophy of Health: Natural Principles of Health and Cure* (Boston: Ticknor, Reed & Fields, 1853), 216. Sitert hjå Numbers, *Prophetess of Health*, 127.

117 Ellen G. White, *Christian Temperance and Bible Hygiene* (Battle Creek, MI: Good Health Publishing Co., 1890), 53. Sitert hjå Numbers, *Prophetess of Health*, 127.

118 Karen Iacobbo og Michael Iacobbo: *Vegetarian America: a history* (Westport, CT: Praeger Publishers, 2004), 1.

119 Ibid, 3.

sjuandedagsbaptistane likevel svært lite med sjuandedagsadventistane å gjera. Heller ikkje dei såkalla dorrellittane i Vermont - ei radikal kristen gruppe som blant anna godtok sex før ekteskapet - sin vegetarianisme går det an å setja i samanhang med sjuandedagsadventistane.<sup>120</sup>

Då er det annleis med William Metcalfe, ein britisk innvandrar som stod sentralt i etableringa av Bible-Christian Church i Philadelphia, Pennsylvania i 1817. Dette kyrkjesamfunnet var vegetariansk, og Metcalfe vart ein av vegetarianismen sine tidlegaste uttalte talsmenn i USA, ikkje minst gjennom pamfletten «Abstinence from the Flesh of Animals». Han meinte at bodet «Du skal ikkje slå ihel» også var gjeldande i høve dyr, og argumenterte elles også for totalavhald frå alkohol.<sup>121</sup> Det var dette siste som tidleg i 1830-åra brakte Metcalfe i kontakt med Sylvester Graham, som moglegvis vart inspirert av Bible-Christian Church til sjølv å verta vegetarianar og forfekta vegetarianisme.<sup>122</sup>

Det var samstundes ikkje berre religiøse grupper som var opptekne av helse. Både frå utlandet – særleg Skottland – og i Amerika kom bøker om diettreform<sup>123</sup>, og det var gjeve ut tidsskrift som *Boston Medical Intelligencer*, *Journal of Health* og *Library of Health*.<sup>124</sup> Koleraepidemien i 1832 bidrog til denne merksemda, og førte Sylvester Graham inn i rampelyset. Han fortalde store publikum at kolera kunne unngås gjennom å halda seg borte frå «flesh-meat and flesh soups» og frå «all alcoholic and narcotic liquors and substances, and from every kind of purely stimulating substances», samt gjennom å følgja «a correct general regimen in regard to sleeping, bathing, clothing, exercise, the indulgence of the natural passions, appetites, etc»<sup>125</sup>. Parallellane til sjuandedagsadventismen si helselære er klare. Graham vant etterkvart tilhengjarar landet over, og byrja i 1837 å gje ut det månadlege tidsskriftet *Graham Journal of Health and Longevity*.

Fleire andre «helsegurarar» frå perioden er også verdt å nemna, blant andre William A. Alcott, Horace Mann, Dio Lewis og Larkin B. Coles – sistnemnde også aktiv deltakar i millerittrørsla.<sup>126</sup> Coles argumenterte for frisk luft og terning, for ein vegetariansk diett, for å unngå bruk stimuli, for seksuell reinskap og for såkalla «drugless medicine»<sup>127</sup>. Den siste oppmodinga var ikkje uvanleg, og tydde i praksis ofte hydropati (vassbehandling).<sup>128</sup> Samstundes hadde blant anna thomsoniansk urtemedisin og homeopati ein viss appell.<sup>129</sup> Fyrstnemnde vart også plukka opp av Ellen White – via ein artikkel om difteri i den vesle lokalavisa *Yates Country Chronicle* den 15. januar 1863. Artikkelen var skriven av grahamitten og hydroterapeuten James Caleb Jackson.<sup>130</sup>

Medan dette berre er eitt av mange berøringspunkt mellom sjuandedagsadventismen og helsereformrørsla tidlegare på attenhundretalet er det eit berøringspunkt som synleggjer konteksten for sjuandedagsadventismen sin religiøst motiverte vegetarianisme.

## Likskapstrekk og skilnader

Som nemnd i innleiinga kan caodaiisme og sjuandedagsadventisme sjåast på som «most different

---

120 Ibid, 4.

121 Ibid, 13.

122 Numbers, *Prophetess of Health*, 97.

123 Ibid, 94.

124 Ibid, 94-95.

125 Sitert hjå Numbers, *Prophetess of Health*, 99.

126 Numbers, *Prophetess of Health*, 108.

127 Ibid, 109.

128 Ibid, 113.

129 Ibid, 110.

130 Ibid, 126.

systems».

Caodaiismen har rett nok henta nokre element frå katolsk kristendom, men desse er av heller overfladisk karakter, og religionen kan sjåast på som ein synkretistisk religion som i hovudsak kombinerer idear frå buddhisme, taoisme og konfusianisme. Sjuandedagsadventismen er – trass i ein del teologiske særtrekk – ei tru med klåre røter i europeisk protestantisk kristendom, og i breiare vekkingsrørsler i USA på 1800-talet. Den religiøst motiverte vegetarianismen ein finn i båe religioner er likevel «the same outcome» i det minste i noko mon.

Det bør samstundes understrekast at også andre kulturelle faktorar påverkar kosthald, blant desse finn ein både geografi, generelle samfunnstilhøve og etnisk tilhøyre. Kosthaldet til ein australsk sjuandedagsadventist med røter på Balkan treng ikkje likna mykje på kosthaldet til ein australsk caodaiist med vietnamesiske foreldre, sjølv om begge skulle vera religiøst motiverte vegetarianarar busett i same område. Sistnemnde sitt kosthald vil kanskje likna meir på kosthaldet til ein vegetariansk sjuandedagsadventist i Vietnam – der det i 2008 var 13.000 medlemmer av kyrkja, stort sett sør i landet.<sup>131</sup>

Når ein studerer bakgrunnen for den religiøst motiverte vegetarianismen finn ein også andre fellestrekk. I båe tilfelle finn ein at oppmodingar til eit vegetarisk kosthald langt på veg vert knytt til instruksar direkte frå Gud, i sjuandedagsadventismen gjennom Ellen White sine profetiske visjonar rundt helsereform, i caodaiismen gjennom ein instruks frå *Cao Đài* til religionen sin grunnleggjar Ngô Van Chiêu gjennom ein spiritualistisk seanse.

Hovudmotivasjonen for vegetarianisme er likevel høgst ulik. Hjø sjuandedagsadventistane er omsynet til helse, og synet på kroppen som Guds tempel det mest sentrale – noko som og gjer seg utslag i indre debatt rundt kva type kosthald som er sunnast. For caodaiistane er den viktigaste motivasjonen for vegetarianisme å unngå å hindra andre deltakarar i reinkarnasjonssirkelen frå å oppnå andeleg framgang, ein motivasjon som ikkje berre gjeld dyreliv, men som også gjer at caodaiistar skal vera tilbakehaldne med å skada planteliv.

Det syner seg likevel andre – iallfall overfladiske – fellestrekk. Ikkje berre sjuandedagsadventistane, men også caodaiistane, peiker på negative verknader for kropp og sjel ved det å eta kjøt. Ikkje berre caodaiistane oppfordrar til omsut for dyr, Ellen White oppmoda til å visa nåde ovanfor dyra. Synet på dyrelivet skil seg likevel klårt frå kvarandre, White omtaler dyra som som «the dumb creatures [...] placed under our dominion», medan caodaiistane ser på dyr som deltakarar i den same reinkarnasjonssirkelen og andelege modningsprosessen som menneske.

Når ein ser nærare på caodaiismen og sjuandedagsadventismen og vegetarianismen i desse religiøse tradisjonane i kontekst vert forskjellane mellom dei desto tydelegare. For caodaiismen sin del kan ein – via dei såkalla minh-gruppene - trekkja liner attende til Kvit Lotus-gruppene i kinesisk lekmannsbuddhisme, og dermed til ein tradisjon for religiøs vegetarianisme som strekkjer seg hundrevis av år attende, og som ein også finn att i andre nyare religiøse rørsler i fleire asiatiske land. Sjuandedagsadventismen sin religiøse vegetarianisme har på si side røter i ei helserørsle som vaks fram i Amerika på 1800-talet. Denne hadde ikkje tilsvarende røter, og var heller ikkje reint religiøs, sjølv om religion og religiøse predikantar spela ei viktig rolle. Denne rørsla er og ein del av bakteppet for framveksta av ikkje-religiøs vegetarianisme i USA og etterkvart andre land, då blant anna gjennom American Vegetarian Society grunnlagt i 1850.

Eit anna moment det er verdt å merka seg er den påverknaden samfunnet rundt har på den sjuandedagsadventistiske kyrkja. SDA-kyrkja føreskriv ikkje veganisme – fråhald frå alle animalske

---

131 Adventist News Network, «Vietnam grants Adventist Church official recognition» (3. Nov 2008), <http://news.adventist.org/2008/11/vietnam-grants-avetist-church-official-recogitio.html> (nedlasta 26. mai 2011)

produkt – og offisielle organ får jamvel eit slkt kosthald. Likevel er det eit ikkje ubetydeleg tal veganarar i kyrkja, og talet for både veganarar og vegetarianar synest å vera påverka av kor utbreidd veganisme og vegetarianisme er i samfunna rundt ulike sjuandedagsadventistiske kyrkjer. I den samanheng kan ein ikkje underslå at blant anna buddhistisk (og også jainistisk) tenkning – om enn i blant i noko misforståtte former – har påverka den amerikanske veganarrørsla.

Den kulturelle konteksten er også til stades for amerikanske sjuandedagsadventistar som vel eit veganistisk kosthald. Slik sett kan i ei globalisert verd finna at det dukkar opp band mellom høgst ulike religiøse grupper, koplingar som gjer «most different cases» litt mindre forskjellige når alt kjem til alt.

# Litteraturliste

## Bøker

- Blagov, Blagov, *Vietnamese Traditionalism and its Leap Into Modernity* (New York: Nova Publishers, 2002)
- Bull, Malcolm og Keith Lockhart, *Seeking a Sanctuary: seventh-day Adventism and the American dream* (Bloomington: Indiana University Press, 2007 (1989))
- Clark, Elmer T., *The Small Sects in America* (Nashville: Abingdon, 1937)
- Do, Thien, *Vietnamese supernaturalism: views from the southern region* (London: RoutledgeCurzon, 2003)
- Hoskins, Janet, «Caodai Exile and Redemption: A New Vietnamese Religion's Struggle for Identity», i Pierette Hondagneu-Sortello (red.), *Religion and social justice for immigrants* (New Jersey: Rutgers University Press, 2007)
- Iacobbo, Karen og Michael Iacobbo: *Vegetarian America: a history* (Westport, CT: Praeger Publishers, 2004)
- Knight, George R., *A brief history of Seventh-day adventists* (Hagerstown, Md: Review and Herald Publishing Association, 2004 (1999))
- Maxwell, C. Mervyn, *Tell It to the World* (Mountain View, Calif.: PPPA, 1976). Omsett til norsk som *Ut i all verden!*
- Maxwell, C. Mervyn, *Ut i all verden! Historien om syvendedags-adventistene* (Røyse: Norsk Bokforlag, 1995)
- Numbers, Ronald L. *The Disappointed: Millerism and Millenarianism in the nineteenth century* (Knoxville: University of Tennessee Press, 1993)
- Oliver, Victor, *Caodai Spiritism: A Study of Religion in Vietnamese Society* (Leiden: Brill, 1976)
- Sack, Daniel, *Whitebread Protestants, Food and Religion in American Culture* (New York: Palgrave, 2001)
- Schwartz, Gary, *Sect Ideologies and Social Status* (Chicago: University of Chicago Press, 1970).
- Syvendedagsadventistenes menighetshåndbok* (Røyse: Norsk Bokforlag, 16. utgave, 2002)
- Ter Haar, B.J, *The White Lotus Teachings in Chinese Religious History* (Hawaii: University of Hawai'i Press, 1999 (1990))
- Torkelsen, Edwin, *Ellen G. White og Norge, 1885/1887-1987 : en undersøkelse av Ellen G. Whites besøk i Norge 1885-1887 og en vurdering av hennes betydning for utviklingen av virksomheten til Syvendedags adventistsamfunnet i Norge fram til 1987* (Røyse: Signum Norsk Bokforlag, 1987)
- Werner, Jayne Susan, *Peasant Politics and Religious Sectarianism: Peasant and Priest in the Cao Dai in Viet Nam* (New Haven: Yale Univ Southeast Asia Studies, 1981)
- White, Ellen G., *Testimony Studies on Diet and Foods* (Loma Linda, Calif.: College of Medical Evangelists, 1926)

## Bokkapittel

- Blix, G., «Religion, spirituality, and a vegetarian dietary» i *Vegetarian Nutrition*, Joan Sabaté (red.), 507-532 (Boca Raton, Florida: CRC Press, 2001)
- Deliusin, Lev, «The I-kuan Tao Society» i *Popular movements and secret societies in China, 1840-1950*, Jean Chesneaux og Lucien Bianco (red.), 225-234 (Stanford: Stanford University Press, 1972)
- Fox, Michael J., «India's Sacred Cow – her plight and future» i *The Animal Ethics Reader*, Armstrong, Susan (red.):, 239-241 (London: Routledge, 2003)
- Janet Hoskins, «Caodai Exile and Redemption: A New Vietnamese Religion's Struggle for Identity», i *Religion and social justice for immigrants*, Pierette Hondagneu-Sortello (red.), 191-209 (New Jersey: Rutgers University Press, 2007)

## Andre lengre arbeid

- Farid, Md. Shaikh, *Caodaism: a Syncretistic Religion of Vietnam*, mastergradsoppgåve (Bangladesh: University of Dhaka, 2009)
- Goodman Allan E, *Government and the countryside: Political accommodation and South Vietnam's Communal Groups* (RAND Paper, 1968)

## Artiklar

- Blagov, Sergei, «Caodaism and spiritism» (caodai.net, 2004), <http://tinyurl.com/caodai1>
- Bull, Malcolm «The Seventh-day Adventists: Heretics of American Civil Religion», *Sociology of Religion* vol. 50, nr. 2(1989): 177-187
- Butler, William, «From Millerism to Seventh-day Adventism: "Boundlessness to Consolidation"», *Church History*, vol. 55, nr. 1(1986): 50-64
- De Meur, Gisele og Dirk Berg-Schlosser, «Comparing political systems: Establishing similarities and dissimilarities», *European Journal of Political Research*, nr. 26(1994): 193-219
- Fall, Bernard B., «The Political-Religious Sects of Viet-Nam», *Pacific Affairs*, vol. 28, nr. 3(1955): 235-253
- Fønnebø, Vinjar, «Coronary Risk Factors in Norwegian Seventh-day Adventists: A Study of 247 Seventh-day Adventists and Matched Controls», *American Journal of Epidemiology*, vol. 135, nr. 5(1992): 504-508
- Hamilton, Malcolm: «Eating Ethically: 'Spiritual' and 'Quasi-religious' Aspects of Vegetarianism», *Journal of Contemporary Religion*, vol. 15, nr. 1(2000):65-83
- Hansen, Robert, «Adventistsamfunnets historie i korte trekk», *adventist.no* (2005), <http://tinyurl.com/advent01>
- Hartney, Christopher, «Syncretism and the End of Religion(s)» i C. Cusack og P. Oldmeadow (red.): *The End of Religions? Religion in an Age of Globalisation* (Sydney Studies in Religion, Sydney: University of Sydney, 2001): 233-248
- Hartney, Christopher, «What is Caodaism? A brief history and philosophy» (lecaodisme.free.net, 2003), <http://tinyurl.com/caodai2> (nedlasta 24. mai 2011)
- Henderson, William, «South Vietnam finds itself», *Foreign Affairs*, vol. 35, nr. 2(1957): 283-294
- Lawson, Ronald: «When Immigrants Take over: The Impact of Immigrant Growth on American Seventh-Day Adventism's Trajectory from Sect to Denomination Ronald Lawson», *Journal for the Scientific Study of Religion* vol. 38, nr. 1(1999): 83-102
- Mangels, Reed, «The latest Adventist health study: a massive study of North American Seventh-day Adventists», *Vegetarian Journal*, april-juni 2008, <http://tinyurl.com/vege1>
- Manu, Limoni: «Nonvegetarians will not enter heaven?», *Adventist Review* (2005), <http://www.adventistreview.org/2005-1538/story2.html>
- Meyers, Dean og My-Van Tran: «The Crisis of the The Eight Lunar Month: The Cao Dai, Prince Cuong De and the Japanese in 1937–1939», *IJAPS*, vol. 2, nr. 1(2006):separat sidetall 1-39.
- Nichol, Francis D. «The Growth of the Millerite Legend», *Church History*, vol. 21, nr. 4(1952): 296-313
- Adam Possamai og Alpha Possamai-Inesedy, «The Baha'i faith and Caodaism : Migration, change and de-secularization(s) in Australia», *Journal of Sociology*, vol. 43, nr. 3(2007):301-317
- Pye, Lucian W., «The Non-Western Political Process», *The Journal of Politics*, vol. 20, nr. 3(1958): 468-486
- Schneider, Gregory A., «Book review. Seeking a Sanctuary: Seventh-day Adventism and the American Dream», *Church History: Studies in Christianity and Culture*, nr. 60: 579-580
- Theobald, Robin, «From rural populism to practical Christianity: the modernization of the Seventh-day Adventist movement», *Archives de Sciences Sociales des Religions*, nr. 60(1985): 109-30
- Sabaté, Joan, «Religion, diet and research», *British Journal of Nutrition*, nr. 92(2004):199-200
- Shea, William: «Clean and Unclean Meats», *Biblical Research Institute*, 1988, <http://tinyurl.com/advent02>

Smith, R.B, «An Introduction to Caodaism. II. Beliefs and Organization», *Bulletin of the School of Oriental and African Studies, University of London*, vol. 33, nr. 3(1970): 573-589

Smith, R.B. «An Introduction to Caodaism. II. Beliefs and Organization», *Bulletin of the School of Oriental and African Studies, University of London*, vol. 33, nr. 3(1970): 573-589

Tjeransen, Tor: «Hvorfor spiser ikke adventister svinekjøtt?» *adventist.no*, 2005, <http://tinyurl.com/advent03>

Wilson, Bryan, «Sect or denomination: can Adventism maintain its identity?», *Spectrum* 7(1) (1975):.34-45

## **Nettsteder**

adherents.com

adventistreview.org

adventist.no

caodai.net

lecaodisme.free.net

## **Anna**

1. mosebok

Tan Luat (The New Canonical Codes)